

GISKE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

01.07.2010

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I GISKE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

torsdag 08.07.2010 kl. 12.00
på Giske rådhus

SAKLISTE:

- Sak 14/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 01.06.2010
- ” 15/10 - Forvaltningsrevisjonsrapport om finansforvaltning i Giske kommune

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no

Dag Oksnes
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I GISKE KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 01.06. 2010 kl. 12.00
Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades:

Anne Lise Hessen Følsvik, Ove Paulsen og Sigvald Sæther
Gunnar Morsund tok del i sak 12/10, varamedlem Ruth Roald tok del i dei andre sakene.

= 5 voterande

Petra Riste Synnes hadde meldt forfall

Frå kontrollutvalsekretariatet møte
dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møte
dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå kommunen møte teamkoordinator i NAV Giske Roger Solem i sak 12/10, økonomisjef Sigmund Strand møte i sak 08/10, 09/10 og 10/10. I sak 11/10 møte ordførar Knut Støbakk og rådmann Martin G. Bostad.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Sakene vart behandla i denne rekkefølgen:

SAK 12/10 B-SAK OM RUSBEHANDLING OG YTINGAR FRÅ KOMMUNEN

Saksdokument datert 26.05.2010 frå kontrollutvalsekretariatet med vedlegg.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet viser til brev frå fylkesmannen datert 02.02.2009 som tek opp diverse manglar i kommunen si behandling i saka og som konkluderer med at tilsynssaka no er avslutta frå

fylkesmannen si side. Med bakgrunn i dette vil kontrollutvalet ikkje gå nærare inn i saka og føreset at kommunen tek ovannemnde brev frå fylkesmannen til etterretning.

SAK 07/10
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 16. MARS 2010

Kontrollutvalet sin samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 16. mars 2010 blir godkjent.

SAK 08/10
ÅRSMELDING 2010 – GISKE KOMMUNE

Innstilling datert 26.05.2010 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2009 for Giske kommune til orientering.

SAK 09/10
KOMMUNEREKNESKAPEN 2009 – GISKE KOMMUNE

Innstilling datert 26.05.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Giske kommune sin rekneskap for 2009 blir godkjent
2. Kontrollutvalet vil påpeike at det innan enkelte ansvarsområde ligg føre overskridingar i høve vedteke budsjett. Arbeid med økonomistyring bør ha prioritet.

SAK 10/10
KONTROLLRAPPORT 2009 VEDKOMANDE
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I GISKE KOMMUNE

Saksutgreiing datert 26.05.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Giske kommune datert 15.04.2010 frå Skatteetaten til orientering.

SAK 11/10

SAK OVERSENDT FRÅ GISKE VENSTRE

Saksdokument datert 26.05.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.
Orientering gitt av ordførar og rådmann

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet viser til orientering om regelverket omkring møteoffentlegheit og saksoffentlegheit og tek saka til orientering.

SAK 13/10

ORIENTERING FRÅ REVISOR KNYTT TIL INTERN KONTROLL JF SAK 04/10

(Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Møteslutt kl. 14.25.

Dag Oksnes
leiar
(sign.)

Ove Paulsen
medlem
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik
medlem
(sign.)

Gunnar Morsund
medlem
(sign.)

Sigvald Sæther
varamedlem
(sign.)

Ruth Roald
varamedlem
(sign)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 01.07.2010

**SAK 15/10
FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM FINANSFORVALTNING I GISKE
KOMMUNE**

Vedlegg til saka:

- Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 5/2010 frå kommunerevisjonen

Det blir vist til tidlegare utsendte rapport til kontrollutvalet. På side 3 i denne er det gjort greie for bakgrunnen for rapporten. På side 48 er teke inn høyringssvaret frå rådmannen. Av dette går det fram at rådmannen ikkje har merknader til rapporten. Det går vidare fram at oppsummeringar og tilrådingar så langt som mogleg vil bli innarbeidd i nytt finansreglement som skal handsamast hausten 2010 i kommunestyret.

Rapporten tek for seg kommunen sitt finansreglement, rapportering til kommunestyre og formannskap, kriterier for val av forvaltarar, rutinar for å evaluere finansiell risiko, risikosituasjonen per i dag samt oppsummering og tilrådingar.

I punkt 7 side 16 ligg det føre oppsummering og tilrådingar.

Tilrådingane er følgjande:

- Det bør i nytt reglement spesifiserast strategiske mål for kvar enkelt aktivaklasse som det er aktuelt for kommunen å investere i.
- Det er vår vurdering at kommunen ikkje bør tillate plasseringar i såkalla hedgefond.
- Det bør i nytt reglement innførast retningslinjer vedrørande låneporteføljen for løpetid, durasjon og refinansieringsrisiko.
- Det bør gjevast klarare rammer for kor stor del av gjeldsporteføljen som skal vere flytande rente, og kor stor del som skal vere på fast rente.
- Ein bør nytte seg av punktlista i den nye forskrifta når det gjeld krav til innhald i rapporteringa.
- I nytt reglement bør det også innførast rutinar som sikrar at ein utan opphald rapporterer om hendingar som ikkje blir sett på som normale i plasseringane.

- Det bør gjerast eit klårare skilje på kva som er langsiktige midlar og kva som er likvide midlar.
- Det bør i nytt reglement setjast opp nokre klarare krav til forvaltarar ved val av slike.

På bakgrunn av ovanståande blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om slik

innstilling:

Kommunestyret sluttar seg til dei konklusjonane og tilrådingane som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten om finansforvaltning i Giske kommune..

Harald Rogne
dagleg leiar